



EKSTREMVÆRET HANS - AUGUST 2023

EVALUERINGSRAPPORT GOL KOMMUNE



Bilde er av Hemsil ved Myklefossen kraftstasjon 08.08.23 kl. 18:00. Foto: S. Eide

Innhold

1.	Innleiring.....	2
1.1.	Formål og krav til evalueringa	2
1.2.	Mål for handtering av hendinga.....	2
1.3.	Innsamling av data som grunnlag for evalueringa	2
1.4.	Involverte aktørar med roller og ansvar under hendinga	3
2.	Situasjonsbilete- kva forventa vi skulle skje?.....	3
3.	Kva skjedde?.....	4
4.	Kva fungerte bra og kva fungerte mindre bra?.....	6
4.1.	Mottak og handtering av meldingar.....	6
4.2.	Varsling.....	6
4.3.	Organisering, mobilisering og gjennomføring av krisehandtering.....	6
4.4.	Samarbeid.....	7
4.5.	Kommunikasjon.....	8
4.6.	Mediehandtering.....	8
4.7.	Helse, miljø og sikkerheit	8
5.	Kva kan vi lære av hendinga og kva bør endrast?.....	9
5.1.	Læring og erfaring	9
5.2.	Oppfølging med tiltak.....	9
6.	Oppsummering og konklusjon	10

1. Innleiing

Store deler av Sør-Noreg vart i ulik grad råka av ekstremværet «Hans» i august 2023. Gol og Hallingdal som region var eit av områda som vart hardast ramma.

Den kritiske perioden med operativ krisehandtering er definert i tida frå varsel måndag 7. august og fram til onsdag den 9.august på ettermiddagen.

Under krisehandteringen vart det satt i gang eit stort apparat for å handtere situasjonen. Kommunal kriseleiing, ulike kommunale tenesteområde, friviljuge organisasjonar og beredskapsaktørar deltok.

Gol vart hardast råka ved at mindre vassdrag og bekkar gjekk over sine bredder og førte til store erosjonsskader. I tillegg gjekk hovudvassdraga flaumstore. Til saman førte dette til stor skade på privat og offentleg eigedom, teknisk infrastruktur og sentrale ferdsselsårer. Gol vart skåna for større ras/skred. Det var til saman 203 evakuerte personar i Gol med årsak i hendinga.

1.1. Formål og krav til evalueringa

1.1.1. Hensikt og omfang

«Hans» er ein av dei mest omfattande naturhendingane i Gol i nyare tid. Evalueringa omfattar krisehandteringen i det mest akutte tidsrommet med tidsline fom. måndag 7.august og fram til onsdag 9.august 2023 kl. 14.00.

Rapporten skal gje eit overordna, men reelt bilet av situasjonen og omfanget av hendinga. Evalueringa skal danne grunnlag for lærings- og forbetringspunkt som skal resultere i konkrete tiltak som skal takast omsyn til i vidare beredskapsarbeid.

Kommunedirektøren er oppdragsgjevar for rapporten. Kommunalsjef Samfunn og utvikling som beredskapskoordinator er oppdragsleiar og prosessleiar for evalueringa.

1.1.2. Krav

Forskrift om kommunal beredskap §8 set krav til evaluering etter øvingar og hendingar. Rapporten er basert på mal frå DSB- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

1.2. Mål for handtering av hendinga

Kommunal kriseleiing la til grunn prinsippa i kommunal beredskapsplan- mål for kommunal beredskap. Kommunen skal planlegge, førebu og organisere tiltak for å minske risikoen for ulykker, skader og tap i samfunnet. Redusere skadeverknadane av ein krise- eller krigssituasjon og sikre **liv, helse, velferd og materielle verdiar**.

1.3. Innsamling av data som grunnlag for evalueringa

Rapporten og innsamling av data er basert på skriftleg dokumentasjon, evalueringsmøte, drøftingar med interne og eksterne aktørar og tilbakemeldingar frå innbyggjarar i Gol.

Evalueringa er basert på følgjande data:

- dokumentasjon om «Hans» arkivert i kommunen sitt post/arkivsystem
- innspel communal kriseleiing/stab og loggføring
- innspel og erfaringar frå kommunale tenesterområder

- evalueringsmøte med eksterne beredskapsaktørar og medlemmer frå kommunalt beredskapsråd i Gol den 05.09.23.
- regionalt evalueringsmøte på Torpomoen i regi av Operativt leiarforum for blålysetatane i Hallingdal (OPL) den 15.09.23. I tillegg var andre innsatsorganisasjonar og aktørar samt representantar frå Statsforvaltar og kommunale kriseleriingar til stades.

I tillegg til dette er det underveis og i ettertid av hendinga gjort erfaringar som bidreg inn i evalueringa både på kort- og lengre sikt.

1.4. Involverte aktørar med roller og ansvar under hendinga

Kommunal kriseleriing/stab vart etablert med faste medlemmar i tråd med overordna beredskapsplan for Gol kommune. Krisestaben vart utvida med personell frå fleire kommunale tenesteområde-kommunalteknisk avdeling for handtering av teknisk infrastruktur, Utbyggingsavdelinga i arbeid med plan- og skredfarevurdering og kommunelege med omsyn til helsetenester og smittevern.

Kommunen hadde mellom anna samarbeid/kontakt med følgjande eksterne aktørar i forkant og under krisehandtertinga:

Politi- generell bistand og evakuering

Hallingdal brann- og redningsteneste IKS- redningsoppdrag/evakuering

Røde Kors- bistand og drift av EPS- evakueringssenter

DSB og Sivilforsvaret- førebyggjande tiltak/materiell

Statsforvaltaren i Oslo og Viken- informasjon, prognosar og samordning med kommunane

Statens vegvesen- vegmeldingssentralen

Skred AS – geologtenester og vurdering av skredfare og behov for evakuering

Visit Gol/næringslivet- gjensidig informasjon

Norges vassdrag og energidirektorat (NVE)- informasjon og prognosar

ECO/Hafslund Gol- informasjon om tiltak og status vassføring med prognosar

Pers hotell og Storefjell høgfjellshotell, EPS- lokale for evakueringssenter

2. Situasjonsbilete- kva forventa vi skulle skje?

Varsom.no, som er eit samarbeid mellom Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Meteorologisk institutt (MET) varsla at deler av Sør-Noreg ville få store nedbørsmengder frå aust som kunne føre til høgaste faregrad, 4- raudt, i perioden 7.august og dagane framover.



Figur 1. Figuren viser varsel om raudt nivå for flaum og jord- og flaumskred publisert 07 og 08.08.23.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken informerte og gjennomførte dialogmøte med kommunane i forkant av den varsle situasjonen.

Varselet for Gol viste at det kunne utvikle seg til faregrad 4-raudt i løpet av mandag 7.august. Gol fekk raudt farevarsel for flaum, ekstrem nedbør og jord- og flaumskred.

Med bakgrunn i varslingar og prognosar vart det forventa at hendinga kunne medføre relativt store utfordringar. Kommunale tenester forberedte seg med bakgrunn i kommunale beredskapsplanar. Det var spesielt fokus på iverksetjing av førebyggjande tiltak for å ivareta teknisk infrastruktur.

Gol kommune sette krisestab mandag 7.august kl. 08:30. Her vart det gjeve status frå møte med Statsforvaltaren søndag 6.august om prognose, mogelege senario og konsekvensar. MET hadde 2 prognosar/modellar for kor nedbørstyngda ville kome. Den eine prognosan viste ein nordleg retning som ville treffe Innlandet og deler av Trøndelag hardast. Den andre prognosan viste at ein meir vestleg retning der også deler av Viken- spesielt nordre del av Buskerud med Hallingdal ville bli råka.

Det vart varsla om at det kunne bli aktuelt med nasjonalt nødvarsle dersom situasjonen skulle utvikle seg til fare for liv og helse.

Kriseleiinga la til grunn kommunal ROS- og beredskapsplanverket i kommunen for å handtere utfordringane som kunne forventast. Kriseleiinga gjekk gjennom skreffarekartlegging for Gol med bakgrunn i varsel om intens nedbør og fare for jordskred.

Det vart i dagane i forkant lagt ut informasjon på kommunen sine nettsider der ein bad innbyggjarane vise varsemd med å bevege seg i nærleiken av vassdrag, samt gjennomføre førebyggjande tiltak for å redusere skadeomfang.

3. Kva skjedde?

Grov tidsline basert på dokumentasjon og loggføring i perioden 07.08- 09.08.23

Dato og tidspunkt	Aktivitet
07.08.2023	Raudt farevarsel for flaum, ekstrem nedbør og jord- og flaumskred
07.08.23 kl. 16:00	Møte mellom Statsforvaltar, fylkesberedskapsråd og kommunane
08.08.23 kl. 08:30	Møte i kommunal kriseleiing
08.08.23 kl. 09:00-15:00	Tenestetorget mottek i denne perioden meldingar om aukande vassførsel, spesielt knytt til stikkrenner og bekkar som kan få innverknad på vegar og offentleg/privat eigedom. Kommunalteknisk avdeling og entreprenørar held oppsyn og førebyggjer så langt det let seg gjere
08.08.23 kl. 14:00	Rapportering til Statsforvaltar i samordningskanal CIM. Første rapportering
08.08.23 kl. 14:30	Tenestetorget utvidar opningstida til kl. 00:30 den 09.08.23
08.08.23 kl. 15:00	Møte mellom Statsforvaltar, fylkesberedskapsråd og kommunane.
08.08.23 kl. 19:00	Møte i Kommunal kriseleiing- krisestab etablert.
08.08.23 kl. 15:00-20:30	Kommunen sitt informasjonsteam/tenestetorg har aukande pågang og situasjonen er i ferd med å endre seg vesentleg utover ettermiddagen. Sterkt aukande vassføring og flaumfare fører til utfordringar. Det kjem bekymringsmeldingar frå ulike deler av kommunen. Fokus er no å ivareta og halde i gang teknisk kritisk infrastruktur og vurdere behov for evakuering. Beredskapstiltak for Gol vassverk blir iverksett- det blir sendt ut UMS-varsling om kokeanbefaling for abonnementane kl. 20:05.
08.08.23 kl. 20:00	Statusmøte med Statsforvaltaren
08.08.23 kl. 20:30- 09.08.23 kl. 03:00	Fleire vegsamband, både riks- fylkesvegar og kommunale vegar og bruar er stengte. Det er stor fare for at vegkonstruksjonar kan få alvorlege skader. Det er vanskeleg å få oppdatert informasjon frå vegtrafikksentralen, dette ei

	stor utfordring både for krieseleiing og Visit Gol som har mange spørsmål fra turistar og andre som oppheld i kommunen.
	Krieseleiinga i samråd med geologar i Skred AS tek stilling til at det ikkje er nødvendig med evakuering av bustadstader i Tronterud/Robøl som er definert i skredfarekartlegginga.
	Raskt aukande vassføring i hovudvassdraga og spesielt mindre elvar og bekkar som Hagaåni/Rusteåni og Liaåni med fleire. Bustader i nærleiken av desse er spesielt utsatt. Det blir etablert evakueringssenter (EPS) på Pers Hotell med personell frå helse- og omsorgstenesta og Røde kors. Politiet etablerer EPS ved Storefjell høgfjellshotell med bistand frå Røde kors.
	Hafslund ECO melder at vassføringa i hovudvassdraga er svært utfordrande, og at det er venta ein flaumtopp ved midnatt.
	Gol reinseanlegg tek inn vatn og det er ikkje mogleg å halde anlegget i drift. Flaumsituasjonen ved Gol vassverk er kritisk og det er utover kvelden ikkje mogleg å ha personell fysisk til stades på anlegget. Kl. 23.43 melder Hallingdal kraftnett at straumtilførselet til vassverket må stengast fordi trafo er i ferd med å ta inn vatn.
	I løpet av kvelden den 8.august og natt til 9.august blir det evakuert til saman 203 personar frå Eiklidvegen, Eikenesgutu, Heradvegen, Hagaskogvegen, Personbråten camping og Gol campingsenter. Fordelt med 40 på Pers, 157 til Storefjell og 6 til Oset. Dei fleste evakuerer på eiga hand.
	I Gol er dei fleste basestasjonane for telefoni operative. Kommunal krieseleiing er ikkje råka av vanskar med samband og Ekom/telefoni.
09.08.23 kl. 08:30	Møte i kommunal krieseleiing.
09:08:23 kl. 08:30-14:00	Vassføringa i elvar og bekkar er i ferd med å gå ned. Helse og omsorgstenestene klarer å handtere hendinga om lag som normalt, men har ein del utfordringar med å få folk på jobb pga. stengte vegar. Herad barnehage er stengt Innsatsområda i timane som kjem er å få oversikt, handtere teknisk infrastruktur knytt til kommunale vegar, vassforsyning og avløpsanlegg og sikring av konstruksjonar og flaumvegar. Evakueringssenter blir vidareført så lenge det er behov. Fortløpende vurdering om når evakuerte kan flytte heim
09.08.23 kl. 10:30	Møte mellom Statsforvaltar, fylkesberedskapsråd og kommunane
09:08.23 kl. 14:00	Møte i kommunal krieseleiing
	Tidslinje slutt


På målestasjon Stake i Gol vart det registrert følgjande nedbørsmengder:

7.august 44,6 mm

8.august 58,4 mm

Totalt 103 mm over 2 døgn.

Figurane viser nedbørsmengdene i Sør-Noreg den 7 og 8. august under Hans.



Figur 2: senorge.no - nedbør over Sør-Noreg måndag 7- og tysdag 8.august 2023

4. Kva fungerte bra og kva fungerte mindre bra?

4.1. Mottak og handtering av meldingar

Kommunal infostab og tenestetorg har ført logg over meldingar og aktivitetar knytt til kommunal handtering av hendinga. Tenestetorg/sentralbord utvida opningstida kvelden den 8.august og fram til kl. 00:30 den 9. august.

Kriseleiinga baserte sine vurderingar og sine avgjerder fortløpende med bakgrunn i tilgjengeleg informasjon, meldingar og situasjonsbilete. «Hans» utvikla seg raskt og til ein omfattande og uoversiktleg hending som er krevjande å handtere. Situasjonsbilete endra seg vesentleg på kort tid ettermiddagen den 8.august. Erfaringane viser at mottak og registrering av meldingar har fungert bra og at dei fleste er handtert og teke omsyn til i grunnlag for tiltak og avgjerder. I ettertid ser vi likevel at ein del meldingar/beskjedar kunne ha vore handtert betre undervegs. Dette tek kommunen med seg i vidare drøfting om organisering av beredskapsarbeidet.

4.2. Varsling

At det kunne bli ekstremvær i vårt område vart varsle i god tid frå Metrologisk institutt og NVE til Statsforvaltar, kommunane og dei ulike beredskapsaktørane. Aktørane var difor godt kjent med at dette kunne by på utfordringar og forberedte seg på tiltak i forkant.

Kommunen sin varsling og var i så måte knytt til kontakt og varsling i tråd med planverk og etter behov ut frå lokale vurderingar av situasjonsbilete. Det blir vist til aktørar som kommunen hadde dialog med i kap.1.4.

4.3. Organisering, mobilisering og gjennomføring av krisehandtering

Kommunal kriseliing og stab vart etablert i Gol kommunehus i tråd med beredskapsplan. Den faste kriseliinga består at kommunedirektør (operativ leiar), ordførar, kommunikasjonsansvarleg, kommunalsjef helse- og omsorg og kommunalsjef Samfunn og utvikling (beredskapskoordinator). Kriseliinga vart utvida med leiar for kommunalteknisk avdeling, kommunelege og ressurs kart/arealplan. Stabsfunksjonar bestod av tenestetorg, informasjonstenester og loggføring. Kriseliinga hadde tilhald på Gol kommunehus i tråd med beredskapsplan.

Kommunen sine eigne ressursar, mannskap og maskiner vart nytta fullt ut under hendinga. Mannskap på vegdrift og vatn- og avløp saman med innleigde maskinentreprenørar var ein svært viktig operativ ressurs for å ivareta teknisk infrastruktur og redusere skadeomfanget. Desse ressursane bidrog også med viktig informasjon til kommunal kriseleiing undervegs. Personell frå helse- og omsorg organiserte evakueringssenter saman med Røde kors.

Kommunen klarte i all hovudsak å oppretthalde kommunale tenester under hendinga. Helse- og omsorgstenestene hadde utfordringar med at personell ikkje kom seg på jobb pga. stengte vegar. Herad barnehage var stengt den 9.august.

Svært høg vassføring ved Eiklid førte til at hovudanlegget ved Gol vassverk var ute av drift i om lag eit døgn. Beredskapsprosedyre for reserve- og nødvatn var i bruk og fungerte i tråd med formåla. Vassnivået ved vassverket tyder på at vassføringa var i ferd med å nå ein 200 års flaum. Gol reinseanlegg fekk grunnvatn inn i bygningen og det var ikkje mogleg å halde anlegget i drift. Det same gjaldt fleire avlaupspumpesjonar med overløp til resipient.

Ei sentral oppgåva for kriseleiinga var å få oversikt og avklare behov for evakuering. Det vart oppretta evakueringssenter på Pers hotell. Kommunen i samråd med Skred AS tok stilling til evakuering av bustadområde som potensielt var utsett for skred i tråd med kommunen sin skredfarekartlegging. Situasjonen endra seg vesentleg i løpet av kort tid, og det kom inn bekymringsmeldingar og spørsmål knytt til evakuering. Situasjonen var uoversiktlege, og den generelle tilbakemeldinga frå kommunen var at den enkelte måtte ta kontakt med nødetatane dersom det var fare for liv og helse. Dei aller fleste evakuerte på eiga hand. Politiet oppretta evakueringssenter på Storefjell, i all hovudsak for personar på Gol campingsenter. Storefjell hadde også evakuerte frå Ål kommune. Røde kors var viktig aktør i drifta av evakueringssentra. Totalt 203 evakuerte i Gol.

I evalueringa har vi sett at det er forhold knytt til organisering og gjennomføring av evakuering og drift av evakueringssenter som bør drøftast og reviderast i planverket. Dette blir også tema i det faste årlege møte i beredskapsrådet.

Det var mange tilreisande i Gol desse dagane. Kapasiteten på overnatting var sprengt og dette viste å vere ein utfordring ettersom det også var behov for evakueringssenter. Visit Gol slusa ein del til overnatting i Hemsedal. Ein av dei store utfordringane var stengte vegar og tilgangen til oppdatert informasjon hos Statens vegvesen og vegmeldingssentralen.

4.4. Samarbeid

I all hovudsak er det ei oppfatning av at samarbeidet med dei ulike aktørane fungerte bra.

Blålysetatane, nødetatane- hadde eit omfattande oppdrag i heile regionen. Dei store og krevjande oppdraga knytt til liv og helse måtte prioriterast.

Røde kors gjorde ein stor innsats i drift av evakueringssentera. Under evalueringa er det kome innspel til tettare samarbeid med kriseleiinga. I denne hendinga kunne det ha vore aktuelt å knytt til oss ressursar og kontaktpersonar frå nødetat/organisasjon inn i kriseleiinga. Dette er også eit tema som er aktuelt å drøfte i det årlege møtet i beredskapsrådet.

Gol kommune hadde eit godt samarbeid og dialog med Statsforvaltar i Oslo og Viken (SFOV) gjennom faste møter med orientering om prognosar både i forkant og under hendinga. Kommunen rapporterte til SFOV i samordningskanal CIM.

Det svært vanskeleg å få oppdaterte opplysningar om trafikkale forhold og stengte vegar frå Statens vegvesen (STV) sin vegmeldingssentral. I evalueringa erkjenner STV det var ei utfordring med å nå fram til sentralen, men også at dei ikkje heile tida hadde oppdaterte og rette opplysningar som følgje av at situasjonen endra seg så raskt som den gjorde. Sjølv om Gol har relativt mange ferdsselsårer ut og inn av kommunen, var mange stengte i periodar. Rv7 ved Glitre vart stengt i fleire døgn og Gol kommune hadde godt samarbeid med STV om omkjøring via Gol sentrum.

Det var tett og god dialog med Hafslund ECO lokalt. Regulanten informerte kommunen undervegs om tilstand og prognosar for vassføring i dei store vassdraga. Dette var nyttig for kriselerdinga i vurderinga av senario og planlegging av tiltak.

I evalueringa har vi sett at det er viktig å ha eit godt samarbeid med Visit Gol og næringa i slike kriser. Det er behov for å få ei betre rolle- og ansvarsavklaring i oppgåvene mellom kommunen og Visit Gol AS i handtering av turistar/tilreisande i slike hendingar. Visit Gol er no fast medlem av beredskapsrådet.

Kommunen og kriselerdinga vil rette ei stor takk til alle som har bidratt på ulikt vis i å løyse oppgåvene.

4.5. Kommunikasjon

I Gol var det dei fleste basestasjonane for telefoni/Ekom operative under hendinga. Kommunal kriselerding nytta mobiltelefon og Microsoft Teams i kommunikasjon med myndigheter og samarbeidspartnarar. Kriselerdinga hadde også tilgang til satellittelefon og naudnett om behov.

Politiet sendte ut Nasjonal nødvarsel. Erfaringane viser at ein del ikkje fekk meldinga og andre som fekk meldingane i fleire omgangar. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) evaluerer dette saman med Politiet og andre aktørar.

Kommunen sin informasjon til innbyggjarane vart i all hovudsak formidla via kommunen sine nettsider og sosiale media. Informasjonen på nettsidene kan lesast på ulike språk.

Kommunen nytta SMS/UMS-varsling ved fleire høve knytt til kommunal vassforsyning og stengte vegar.

4.6. Mediehandtering

Mediehandteringa må vurderast og sjåast i lys av omfanget og at heile regionen vart ramma. Dei store media og lokalpressa har under- og i ettertid hatt ei omfattande omtale av hendinga.

Kommunen nytta eigne nettsider som sin hovudkjelde til informasjon til innbyggjarane. Under sjølve krisehandteringa den 8. august var det lite direkte kontakt med media. Inntrykket er at dei fleste mediemiljøa henta informasjon og bodskap frå våre nettsider.

I tida etter sjølve krisehandteringa var lokalpressa og NRK i kontakt med kommunen ved fleire høve.

Kommunen gjennomførte ikkje eigne pressekonferansar.

4.7. Helse, miljø og sikkerheit

Kommunalt tilsette og arbeid spesielt knytt til teknisk infrastruktur hadde krevjande oppgåver og under hendinga. HMS for mannskap vart ivareteke og gjennomført i tråd med prosedyre og vurderingar undervegs. Det er ikkje registrert HMS-avvik.

5. Kva kan vi lære av hendinga og kva bør endrast?

5.1. Læring og erfaring

Hendinga og evalueringa gjev kommunen eit godt utgangspunkt for læring og erfaring som kan styrke beredskapsarbeidet både på kort og lengre sikt. Forslag til forbetringar og tiltak som har økonomiske konsekvensar skal takst omsyn til i budsjett- og økonomiplan.

5.2. Oppfølging med tiltak

Med bakgrunn tilbakemeldingar, innspel og evaluering har kommunal kriseleiing prioritert følgjande hovudtiltak/forbetningspunkt:

1. Planverk

- 1.1. Revidere og gjere eventuelle endringar i kommunal risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Gol med fokus på det som omhandlar ekstremvær, flaum og skredfare.
- 1.2. Revidere communal beredskapsplan med vekt på del C- evakuering, etablering og organisering/drift av EPS-senter.
- 1.3. Kommunale tenesteområde reviderer sine risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplanar der dette er nødvendig.

2. Samarbeid

- 2.1. Drøfte organisering og operativ kriseleiing med beredskapsaktørar med vekt på samarbeid, samhandling og oppgåvefordeling i større kriser.
- 2.2. Drøfte samarbeid, rolle- og ansvar mellom kommunen og Visit Gol AS i handtering av turistar/tilreisande i slike kriser.

3. Ressursar

- 3.1. Etablering av alternativt lokale for communal kriseleiing med tilgang til nødvendige fasilitetar og naudstraum. Det blir vist til føringar for etablering av ny brannstasjon.
- 3.2. Ta i bruk, opplæring og implementering av RAYVN som støtteverktøy i kriseleiinga.

Evalueringa og tiltakslista vil bli drøfta i kommunalt beredskapsråd våren 2024. Kommunedirektøren vil saman med kommunedirektørteam og communal kriseleiing deretter sette tidsfristar og ansvar for oppfølging av tiltaka.

Større og førebyggjande tiltak knytt til kritisk infrastruktur bli tema gjennom ulike kommunale planprosessar, mellom anna i hovudplan for vatn og avløp som kjem til behandling i 2024/25. Det er også naturlig å vurdere om noverande skredfarekartlegging i Gol skal reviderast og eventuelt endrast og utvidast.

6. Oppsummering og konklusjon

Ekstremværet «Hans» er ei av dei største naturhendingane som har ramma Sør-Noreg i nyare tid. Dei store nedbørsmengdene den 7- og 8. august 2023 førte til ei omfattande krisehandtering i Gol og Hallingdal. Alle kommunane i regionen vart råka i ulik grad og omfang.

Den største utfordringa var handtering av den raskt aukande vassføringa både i hovudvassdraga og dei mindre elvane/bekkane. I Gol gjekk dette hardast ut over teknisk infrastruktur og privat- og offentleg eigedom. Kommunen hadde mindre tilfelle av skred og ras uten fare for liv og helse.

Gol vart i liten grad ramma av straumbrot eller nedetid på telefoni/EKOM. Situasjonen ville ha vore vesentleg meir utfordrande både i utøving av krisehandtering og konsekvensar for samfunnet dersom dette var tilfelle. Stengte ferdselsårer og spesielt riksveg 7 var også ei utfordring.

Evalueringa viser at denne typen hending med så stort omfang er utfordrande å handtere. Det set kommunal krisehandtering, kommunale tenester og samfunnet generelt på store prøvar. Erfaringane frå handteringa og evalueringa viser at det er behov for å revidere deler av beredskapsplanverket og vurdere tiltak som på kort og lengre sikt vil styrke den samla beredskapen i kommunen.

Hendinga viser også at det er viktig at den enkelte tek ansvar for eigen tryggleik. Eigenberedskap uavhengig av type hending og omfang er eit godt prinsipp å legge til grunn.

Gol kommune vil avslutningsvis rette ei stor takk til tilsette, beredskapsaktørane og andre som bidrog til at kommunen kom seg gjennom denne krisa utan tap av liv og helse.